

Betalingsregulativ for Ulstein sokn 2017

Vedteke av Ulstein kyrkjelege fellesråd den 26.11.2003 under F-sak 47/03; og seinare endra i møte 7.5.2014 under F-sak 2014/19; 26.03.2015 i ADM-sak 2015/5. Sist endra i møte 30.03.2016 F-sak 2016/14

Gravferd.

For dei som etter § 2 i kyrkjegardsvedtektene ikkje har rett på fri gravplass vert det kravd inn **kr. 3.450,-** som skal dekke noko av ekstrakostnaden som vi får ved gravferda og kyrkjegardsdrifta. For urnenedsetjing er satsen **kr 1.750.**

Ved gravferd der den avlidne ikkje har rett til fri gravplass i Ulstein, men var medlem av Den norske kyrkja, skal leigetakaren betale **kr. 1.700,-** for bruk av kyrkja, inkludert teneste utført av kyrkjetenar. Andre tenester av kyrkjeleg tilsette må avtalast spesielt, og kan medføre tilleggskostnad.

Ved gravferd der den avlidne ikkje var medlem av Den norske kyrkja, skal leigetakaren betale **kr. 2.300,-** for bruk av kyrkja, inkludert teneste utført av kyrkjetenar. Andre tenester av kyrkjeleg tilsette må avtalast spesielt, og kan medføre tilleggskostnad.

Vigsle.

Det er gratis å bruke Ulstein kyrkje ved vigsle der brud og/eller brudgom er medlem av Den norske kyrkja og der minst ein av dei er folkeregistrert i Ulstein. Det er ein føresetnad at vigsla fylgjer ordning for Den norske kyrkja

Ved vigsle der brud eller brudgom er medlem av Den norske kyrkja, men ingen av dei er folkeregistrert i Ulstein, betaler leigetakaren **kr. 1.750,-** pr. vigsle, inkludert teneste knytta til arrangementet utført av kyrkjetenar. Andre tenester av kyrkjeleg tilsette må avtalast spesielt, og kan medføre tilleggskostnad.

Ved vigsle der kirkje brud eller brudgom er medlem av Den norske kyrkja betaler leigetakaren **kr. 2.300,-** pr. vigsle, inkludert teneste knytta til arrangementet utført av kyrkjetenar. Andre tenester av kyrkjeleg tilsette må avtalast spesielt, og kan medføre tilleggskostnad.

Bruk av organist.

Ved gravferd og vigsle der leigetakar ikkje har rett til å bruke kyrkja gratis, skal leigetakar betale for eventuell bruk av organist med **kr. 570,-** pr. påbegynt time av medgått tid til speling og øving.

For eventuell bruk av organist til speling saman med solist ved gravferd og vigsle skal leigetakar betale **kr. 570,-** pr. påbegynt time av medgått tid til øving saman med solist og for ekstraordinær øving som organisten sjølv må ha for å framføre det aktuelle stoffet.

Eventuell preludering – orgelmusikk i kyrkja før gravferda tek til - kostar **kr. 750,-**.

Leige av kyrkja.

Ved utlån av kyrkja til arrangement utan inngangspengar, offer, kollekt eller anna betaling, i regi av organisasjonar innanfor Den norske kyrkja som har verksemd i Ulstein, er det gratis å leige Ulstein kyrkje. Soknerådet kan krevje kostnadsdekking til oppvarming, reinhald og andre lønskostnader. Eventuell betaling vert fastsett i samband med vedtak om utleige av kyrkja.

Når Den norske kyrkja eller lag og organisasjonar innan Den norske kyrkja med verksemd i Ulstein står som arrangør og leigetakar tek opp offer, kollekt eller på annan måte samlar inn midlar under arrangementet i kyrkja, skal **10%** av brutto innkome gå til Ulstein sokn.

I alle andre høve skal leigetakar betale **15%** av eventuelle inntekter og minimum **kr. 2.300,-** pr. arrangement, inkludert teneste utført av kyrkjetenar.

For utleige over fleire dagar eller jamnleg over ein lengre periode vert betaling fastsett i samband med vedtak om utleige.

Rigging av scene kostar **kr 600,-** for lita og **kr 1100,-** for stor.

All utleige av kyrkje skal godkjennast av soknepresten.

Oppsetting og oppretting av gravminne

Oppsetting og oppretting av gravminne under 60 cm kostar **kr. 520,-**

Oppsetting og oppretting av gravminne over 60 cm kostar **kr. 620,-**

Fjerning av gravminne er gratis

Utskriving av attestar

Andre gangs utskrivning av dåpsattest eller vigselattest kostar **kr. 220,-**.

Minnegåver ved gravferd

Når det vert samla inn Minnegåve i samband med gravferd tek Ulstein sokn eit gebyr på **kr. 160,-** for å dekke bankgebyr, rekneskapsføring m.m.

Alle satsar vert regulert etter konsumprisindeksen. Beløpa kan avrundast.

Festeavgift

kr. 150,- per år. Fakturering kvart 5. år.

Stell av graver

etableringskostnad **kr. 370,-**

- årleg administrasjonsgebyr **kr. 200,-**

- gravstell på årsbasis **kr. 650,-**

- planter på årsbasis **kr. 350,-**

Fakturering årlig

Alle satsar vert regulert etter konsumprisindeksen. Beløpa kan avrundast.